


På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd:

A. R. Hauge, B. D. Bødker, B. Haukanes, F.M. Ervik, S. Aadland



«KRO» - MED NOKO ATTÅT

Tysdagskveldane er til vanleg konfirmantane sin kveld i kyrkja på Haga. Nokre gonger i halvåret er det Kro, ein «kveld med lovsong, bønevandring, kafe og sosialt samvær» som det står i kyrkjekalenderen. Dette er ein kveld som er open for alle i tillegg til konfirmantane.

Tysdag i denne veka var Linda Askeland frå Åpne Dører invitert til å vera med på kroa. Ho er informasjonsleiar i denne organisasjonen som støttar forfølgde kristne over heile verda.



Linda Askeland.
Foto: Åpne Dører.

Åpne Dører vart stifta av hollenderen Broder Andreas som smugla dei første biblane inn bak jernteppet i 1955.

Det er i dag om lag 215 millionar kristne som opplever høg grad av forfølgning rundt om i verda. Gjennom fleire dømme gav Linda oss eit møte med ei verd som verkar

vond og ukjend for oss som bur i Noreg. Ho opna med å spørja: - Kvifor går så mange i kyrkjene i desse landa når risikoen for å verta forfølgd er så stor?

Konfirmantane hadde fleire svar, og det endelege svaret vart at det er fordi dei er vortne kjende med Jesus og at han betyr meir enn alt anna for dei. I dei landa der det er mest forfølgning, som til dømes Nord-Korea og Afghanistan og andre islamistiske statar, kan dei ikkje ope koma saman til møte og gudstenester. Berre det å eiga ein bibel kan føra til fengsel og dødsstraff i desse landa.

Åpne Dører vil vera med og skapa ei bru til våre kristne søsken i desse landa ved å støtta dei med biblar, trening, undervisning, opplæring i praktisk arbeid og ikkje minst ved å be for dei. Det er mange dømme på at bøna frå kristne medsøsken har vore til hjelp i forfølgningane. Men ei bru går begge vegar, og me som lever i fridom, kan læra av dei forfølgde sitt vitnemål om kjærleiken til Jesus og om å stå faste i trua.

Etter kroa var det høve til å senda ei helsing til kristne som vert forfølgde, og særleg konfirmantane var ivrig med på dette. Det var tydeleg at budskapet til Linda Askeland gjorde inntrykk på dei – og på alle oss andre som var til stades.



Kroa startar alltid med ein leik, og denne gongen var det "Ballongleiken".

NYTT FRÅ SOKNERÅDET

Endringar etter visitasen? Biskopen peika i visitasen før jul, på nokre ting me burde endra på. M.a. liturgien i gudstenestene på Haga og å sjå på fordelinga av gudstenester mellom Ådland og Haga. No er det slik at kyrkja sentralt skal ha oppe ei sak på kyrkjemøtet i april, som gjeld liturgi. Soknerådet vil venta til etter den saka er handsama der, før dei tek opp liturgien på Haga som sak. Så førebels vert gudstenestene som før. Når det gjeld fordeling av gudstenester mellom kyrkjene, er programmet fastlagt fram til sommaren, så endringane kjem ikkje straks på det området heller.

Nye lys på Ådland Før jul, vart det montert nye

flaumlys utanfor kyrkja på Ådland. Det er innsamla midlar til kyrkja, som er nytta til dette. Det var eit par av dei gamle lampene som var øydelagde, og dessutan brukte dei svært mykje straum. Kvar lampe var på 1000 W, medan dei nye har led-pærer som berre brukar 100 W kvar. Fem nye lampar brukar altså berre halvparten av det ein av dei gamle brukte. No kan me ha kyrkja opplyst heile natta, utan at det går så mykje ut over straumrekninga! Me har ei kyrkje som ligg attmed ein trafikkert veg, og me tenkjer det kan vera førebyggjande mot innbrot og eldspåsetjing, at kyrkja er godt opplyst. I tillegg er det sjølvsagt fint å sjå på, for dei som fer forbi!

I FEBRUAR VERT DET KORPROSJEKT MED IRSKE LOVSONGAR SOM TEMA!

Solhild Røen Hauge har sagt ja til å vere solist, og eit band med lokale musikarar vert med. Den irske (keltiske) musikken talar til oss på ein spesiell måte. Det er nok å nemne kjende og kjære songar, som «Amazing grace», «Deg å få skode» og «Må din veg koma deg i møte» («Irish blessing») som også er i denne tradisjonen. Keith og Kristyn Getty og Stuart Tow-

nend sine irske lovsongar er nokon av dei finaste nyare lovsongane. Dei står for ein meir moderne tradisjon, men har den irske folkesongtradisjonen i botn. Musikken spenner frå rolege ballader til riverdance-prega melodiar.

Vil du vere med og syngja, er det berre å møte opp i Haga kyrkje onsdag 7.februar kl.19.00.

Kom og syng!



Frå kyrkjeboka



Døypte

19.11.

Olav Tømmerbakk Haugen

07.01.

- Olav Lønningdal Frøland

- Nicholas Theo Langeland

Drevsjø

21.01.

Aksel Karenius Hope



Gravlagde

10.11.17

Klara Fanebust

14.11.17

Reidar Skar

12.12.17

Jenny Davidsen Rosten

04.01.18

Edgar Sjursen

16.01.18

Johan Martin Bolstad

24.01.18

Ågot Hadeland

BETALING FOR KYRKJE- BLADET



Det var ved ein feil ikkje kome giroar med i kyrkjebok sitt julenummer i år. Så dei av dykk som har fått kyrkjebok og gjerne vil betala litt for det: Bruk konto 3562 50 22043 og merk det med «kyrkjebok». Vert det overskot etter at me har betalt utgiftene for bladet, går det til kyrkjelydsarbeid. TAKK!